



Alver kommune ved landbruksavdelinga  
Kjartan Nyhammer

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15166 - 20/71903

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
13.11.2020

## **Oversender søknad om arealoverføring for behandling etter jordlova - gbnr 220/2 og 220/13 Store Urdal**

**Tiltak:**  
**Byggjestad:** Gbnr: 220/2  
**Tiltakshavar:**

Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal på 248 658 m<sup>2</sup> frå gbnr 220/2 til gbnr 220/13. Arealet som skal overførast omfattar i hovudsak areal som skal inngå i drifta ved steinbrotet. DC Eikefet Aggregates AS er heimelshavar av begge eigedomane.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre nabomerknader.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Eikefet Urdal steinbrot og deponi, planid 1263-201107, i hovudsak er avsett til råstoffutvikling(BRU), medan ein mindre del av arealet langs vegen inn i dalen, er avsett til naturføremål (LNA).

Sikringssona H190\_1 omfattar eksisterande voll i nordaustleg del av steinbrotet. Denne skal forlengast nordover i takt med framdrifta i utvinningsområdet for å skjerma mot innsyn og avrenning til Urdalselva.

Ein større del av området til råstoffutvikling som skal arealoverførast ligg innanfor sone med ras- og skredfare H310\_1. Innanfor denne sona kan det ikkje gjennomførast tiltak før det eventuelt er gjennomført risikoreduserande tiltak.

Ein mindre del av området for råstoffutvinning og arealet som er avsett til naturføremål ligg innanfor faresone for steinsprang og steinsprut H390\_1. Området har ein teoretisk fare for steinsprang og/eller steinsprut frå steinbrotet.

Det går fram av kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 at reguleringsplanen gjeld med endring/supplering av kommunedelplanen der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

## **VURDERING**

Byggesak har ved gjennomgang av søknaden sett at tiltaket er i strid med føresegn 2.6.1 i kommunedelplanen for Lindås som gjeld byggegrense mot vassdrag. Vi har etterspurd søknad om dispensasjon. Vi vurderer elles at ei overføring av arealet som er avsett til LNA-føremålet ikkje krev dispensasjon dersom arealet vert frådelt til uendra bruk. Heile arealet ligg innanfor faresona for steinsprang/steinsprut og skal vera omfatta av driftsplanen ved anlegget.

Søknaden vert send over til landbruksavdelinga for vurdering av om arealoverføringa krev behandling etter jordlova.

## **Frist**

Frist for tilbakemelding er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

Arealoverføring parsell 1 - gbnr 220/2  
Firmaattest  
Nabovarsel

## **Mottakarar:**

Alver kommune ved landbruksavdelinga